

# Kvam herad

## Sakspapir

### SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	25.03.2019	019/19

<b>Avgjerd av:</b>	<b>Arkiv:</b> N - 500	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Saksh.:</b> Ørjansen, Heidi E.	<b>Objekt:</b>	18/475 - 202

### Kommuneplanens arealdel - endringar etter innspel og motsegn og utlegging til avgrensa høyring

#### *Behandling i politiske utval:*

#### **25.03.2019, FSK- 019/19 Vedtak:**

Som rådmannen sitt framlegg med unntak av fylgjande punkt:

1. Damvegen m/parkering skal fortsatt ligge inne med ei forlenging som ved 1.høyring.
2. B91(Evjo) vert endra frå bustad til sentrumsformål.
3. LNF28 og 27(Busdalen) vert endra frå LNF til Offentleg formål til idrettsområde.
4. SN5/SB1(Oma) skal fortsatt vises som areal for spreidd næring og småbåthamn.
5. GRS73(Laupsa) vert redusert slik at det gir rom for ei bustadrekke mot eksisterande bustadområde inkl. veg.
6. Føresegn 2.1.8 vert oppdatert med følgjande tekst: område N7 er sett av til industriområde for skipsverft, jf. reguleringsplan for Hansvågen.

---

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam herad vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14 å leggja kommuneplanen sin arealdel for perioden 2019 til 2030 ut på ei avgrensa høyring og offentleg ettersyn i 6 veker.

### Med følgjande endringar:

#### Generelt for heile plankartet

1. Bestemmelsesgrense for sentrumsavgrensing for Norheimsund og Øystese er lagt inn i plankartet.
2. Bandleggingssone for automatisk freda kulturminne er lagt inn i plankartet.
3. Omsynssone for kulturminne (570) og landskap (550) er lagt inn i plankart (tilsvarar gul liste i kulturminneplan for Kvam).
4. Byggegrense til sjø er justert etter motsegn frå fylkesmannen (motsegn, temakart ligg som vedlegg)
5. Det er lagt inn fleire faresoner, det er skilt mellom skred (H310) og flaum (H320) (motsegn).
6. Nedslagsfelt for drikkevatn er oppdatert og lagt inn som omsynssone H110 – nedslagsfelt for drikkevatn (motsegn).
7. Lokaliteten akvakultur ved Kvamsøy (AK27) har justert plassering (motsegn)
8. Det er lagt inn omsynssone for ankringsområda for akvakultur
9. Eksisterande og framtidig område for VA-anlegg er lagt inn i plankartet.
10. Sentral- og regionalnett for høgspenteledning er endra frå omsynssone H370 til H740 bandlagt etter anna lovverk (motsegn).

#### Spesifikke formål

11. Damvegen (Ålvik) - Rådmannen tilrår å ta ut ei forlenging av Damvegen (motsegn).
12. SBU17 spreidd bustad (Ytre Ålvik) rådmannen tilrår at område får ei endra plassering, område er teke ut av fareområde for skred.
13. SN17 spreidd næring (Kakebua på Steinstø) - formålet er tilrådd justert med omsyn til strandsona (motsegn).
14. FO4 forretningsområde (Evjo i Øystese) er tilrådd endra til næringsområde N48a.
15. BT2 bustad/tenesteyting (Mikjelsflaten i Øystese) er tilrådd endra til offentleg formål (motsegn).
16. OPT50 (Øysteseheimen) er tilrådd justert og nytt område for grønstruktur (GRS78) er lagt inn over automatisk freda kulturminne (motsegn).
17. B92 og B93 (Øystese sentrum) er tilrådd å endra formål frå bustad til sentrumsformål (S7)
18. B89 (Vik i Øystese) er tilrådd endra frå bustad til LNF.
19. GRS77 grøntstruktur (Gartveit) tilrådd nytt område for grøntstruktur
20. GRS75-76, SBH31 –32, NA17 (Øystese) det er tilrådd å legge inn grøntstruktur, båthamn og naustformål på Stronda i tråd med gjeldande reguleringsplan.
21. B74 (Valland) er tilrådd endra tilbake til næringsareal N68
22. S8 (Norheimsund) er tilrådd justert for automatisk freda kulturminne (motsegn)
23. N68 næringsområde (Sandven) er tilrådd teke ut av planen (motsegn)
24. B57 bustad (Heleberghaugen) - Rådmannen tilrår å justere formål B57 (motsegn)
25. N43, N42 og N67 (Lid jarnindustri og gamle Steinsdalen skule) - Rådmannen tilrår å justere formål N43. Samtidig vert område N43, N42 og N67 endra til kombinert formål - samferdsleanlegg/næring. Området er låst som samferdsleanlegg inntil arealbehov i kommunedelplan for Tokagjelet er avklara. Områder som samferdsleanlegget ikkje skal nytte går tilbake til næring (motsegn).

26. B49 (Kaldestad) - Rådmannen tilrår å ta ut dette arealet (motsegn)
27. B48 (Vikøy) bustadområde er tilrådd redusert med omsyn til jordvern (motsegn)
28. N18, N20 og N21 (Ljones) Rådmannen tilrår å justere N18. N21 er vidareført og N20 er tilrådd teke ut (motsegn)
29. F18 (hytte på Ljones) er tilrådd endra til LNF, hytte er lagt inn i tabell for LNF-spreidd fritidsbustad (motsegn).
30. SBU4 (Røyrvik) spreidd bustadområde - Rådmannen tilrår å ta ut spreidd bustad i Røyrvik (motsegn)
31. B12 bustadområde (Strandebarm) er tilrådd redusert med omsyn til jordvern (motsegn).
32. B13 og B14 (Strandebarm) - Rådmannen tilrår å ta ut bustadareal (motsegn)
33. OPT5 offentleg areal (utviding ved gamle Strandebarmsheimen) - Rådmannen tilrår å ta ut dette arealet (motsegn)
34. SN7 (Strandebarm) - Rådmannen tilrår å ta ut område for spreidd bustad (motsegn)
35. TN1 (Strandebarm) - Rådmannen tilrår å avgrense privat tenesteyting og næring på Eikenes og legge inn ny byggegrense til sjø (motsegn).
36. SN5/SBH1 (Oma) - Rådmannen tilrår å ta ut areal for spreidd næring og småbåthamn (motsegn)
37. SN3 (Mundheim) - Rådmannen tilrår å justere areal for spreidd næring (motsegn)
38. SBU6 (Ljones) - Rådmannen tilrår å ta ut formål i planen etter innspel frå grunneigar.

#### **Endringar i føresegner**

39. Definisjon av tiltak og utbyggingsavtale er lagt inn i føresegnene etter tilråding frå fylkesmannen.
40. Føresegn 1.1.1 – det er tilrådd ein oppdatering av tabell med gjeldande planar er oppdatert etter endringar i formål, 3 eldre planar er tilrådd oppheva.
41. Føresegn 1.1.3 – føresegn for planomtale er tilrådd endra etter dialog med fylkesmannen.
42. Føresegn 1.2.1 – føresegn for plankrav er tilrådd endra etter dialog med fylkesmannen.
43. Føresegn 1.6.1 – føresegn for byggegrense til sjø er tilrådd endra etter dialog med fylkesmannen.
44. Føresegn 1.6.2 – ny føresegn for byggegrense til vassdrag tilrådd etter motsegn frå NVE.
45. Føresegn 1.6.3 - frådeling av bebyggd eigedom i strandsona er tilrådd teke ut etter dialog med fylkesmannen.
46. Føresegn 1.7 – føresegn for brygge/kai er tilrådd justert frå 18 til 12 m<sup>2</sup>.
47. Føresegn 1.10 – føresegn for jordvern er tilrådd endra etter dialog med fylkesmannen – ny tekst om jordmassar og forureiningslova.
48. Føresegn 1.11 - klimaendringar, ny føresegn er tilrådd etter motsegn frå NVE.
49. Føresegn 1.12 - er tilrådd lagt inn ei generell føresegn til kulturminne og kulturmiljø.
50. Føresegn 2.1.4 - sentrumsformål, ny føresegn er tilrådd endra etter motsegn frå fylkeskommunen
51. Føresegn 2.1.8 - næringsformål er tilrådd endra i tråd med tilråding frå fylkeskommunen.
52. Føresegn 2.1.10 - naust, føresegn er tilrådd endra etter dialog med fylkesmannen, maks monehøgde for naust er no 5 m og ikkje 5,5 m.
53. Føresegn 2.1.11 - grav og urnelund er tilrådd justert etter innspel
54. Føresegn 2.1.12 - er endra med fleire formål for kombinert bygg og anlegg.
55. Føresegn 2.1.12 - kombinert formål er tilrådd justert etter endring i kart etter motsegn og offentleg ettersyn.

56. Føresegn 3.1.1 - det er tilrådd å justere føresegn for drikkevatt med fleire område for drikkevatt.
57. Føresegn 3.1.2 – 3.1.5 - det er tilrådd lagt inn føresegn for omsynssone 190 – andre omsyn - ankringsområde akvakultur, ankringsområde fiske, verna vassdrag og vannlegg.
58. Føresegn 3.1.8 - det er tilrådd lagt inn føresegn for H310 og H320 etter tilråding frå NVE.
59. Føresegn 3.1.12 - det er tilrådd lagt inn føresegn for omsynssone 550 – landskap.
60. Føresegn 3.1.14 - det er tilrådd lagt inn føresegn for omsynssone 570 – kulturminne.
61. Føresegn 3.1.15 - det er tilrådd lagt inn føresegn for bandleggingszone 730 (bandlegging etter lov om kulturminner).
62. Føresegn 3.1.16 – det er tilrådd lagt inn føresegn for bandlegging etter anna lovverk – sentral og regionalnett for høgspent etter tilråding frå NVE.
63. Føresegn 3.2.2 - sentrumsavgrensing, det er tilrådd lagt inn ei føresegn om bestemmelsesgrense for sentrum Norheimsund og Øystese etter tilråding frå fylkeskommunen.

## **Samandrag:**

### **Innspele**

Framlegg til ny arealdel til kommuneplanen har vore på høyring. I samband med høyringa kom det inn over 400 innspel knytt til foreslåtte arealbruk. Det store engasjementet for kommuneplanen viser at utvikling av kommunen er viktig for mange. Rådmannen har gått igjennom alle innspel, nokon er teke omsyn til og nokre er ikkje teke omsyn til. Rådmannen si oppgåve er å lage ein plan som er overordna og som opnar opp for ei ønskja utvikling og som samstundes ivaretek ulike interesser. Rådmannen si vurdering av dei private innspela ligg som eit eige vedlegg til saka.

### **Motsegn**

Det har kome motsegn frå følgjande offentlege instansar:

- Fylkesmannen i Vestland
- Hordaland fylkeskommune
- Fiskeridirektoratet
- Statens vegvesen
- NVE

Desse er kommentert under.

### **Viktige tema**

- Akvakultur
- Strandsone, byggegrense til sjø og tiltak i strandsona
- Jordvern
- LNF spreidd bustad og fritidsbustad
- Hytter og stølar til fjells

Rådmannens vurdering av tema er kommentert under.

Som ein konsekvens av justering av plan etter offentlig ettersyn ønskjer rådmannen å legge planen ut på ei avgrensa høyring. Målet er framleis å kunne vedta kommuneplanen før sommaren.

#### **Vedlegg i saka:**

<b>Dok.id</b>	<b>Tittel</b>
624809	KPA_Plankart datert 10.03.2019 Arealformål
624810	KPA_Plankart datert 10.03.2019 Alle tema
624811	KPA_Temakart arealformål med markert byggegrense
624812	KPA_Temakart byggegrense sjø_datert 10.03.2019
624813	KPA_Temakart hytter over 500 moh
624816	KPA_Føresegner datert 10.03.2019
624817	KPA_Innspel offentlig ettersyn
624818	Rapport. Utgreiing akvakultur Kvam herad. 28.02.2019
621757	Kvam herad - Arealdelen til kommuneplanen 2018-2030
612383	Arealdelen til kommuneplanen - 2018-2030 - Kvam herad - Offentleg ettersyn
609134	Melding om vedtak - Fråsegn til kommuneplanens arealdel for Kvam herad.pdf
600844	Statens vegvesen sin uttale til offentlig ettersyn av framlegg til kommuneplanen sin arealdel
599012	Kvam herad Hordaland - Offentleg ettersyn av framlegg til kommuneplanen sin arealdel - uttale (L)(2527985)(1).pdf
597894	Merknader til offentlig ettersyn av forslag til kommuneplanens arealdel for Kvam herad
597850	Fråsegn til offentlig ettersyn av framlegg til kommuneplanen sin arealdel - Kvam herad - Hordaland.pdf
596426	NVE fremjar motsegn - Kommuneplanens arealdel - Kvam herad

#### **25.03.2019 Kvam formannskap**

**Fellesframlegg frå SP, H, og Krf sett fram av Herleif Tveit,Sp:** Som rådmannen sitt framlegg med unntak av fylgjande punkt:

1. Damvegen m/parkering skal fortsatt ligge inne med ei forlenging som ved 1.høyring.
2. B91(Evjo) vert endra frå bustad til sentrumsformål.
3. LNF28 og 27(Busdalen) vert endra frå LNF til Offentleg formål til idrettsområde.
4. SN5/SB1(Oma) skal fortsatt vises som areal for spreidd næring og småbåthamn.
5. GRS73(Laupsa) vert redusert slik at det gir rom for ei bustadrekke mot eksisterande bustadområde inkl. veg.
6. Føresegn 2.1.8 vert oppdatert med følgjande tekst: område N7 er sett av til industriområde for skipsverft, jf. reguleringsplan for Hansvågen.

## **Framlegg frå Kari Mostad, MDG**

1. Ta ut lokaliteten AK 27 Kvamsøy frå kommuneplanen.
2. Legge til tomte-areal for bygging av kollektiv på gbnr 7/189 omlag 2 daa frå LNF til bustad, utviding av Breimyråsen byggefelt. Tomt til bufellesskap 4 bueiningar.
3. Ta ut Hansvågen som industriområde

### **Røysting:**

Det vart halde punktvis avrøysting:

Fellesframlegget frå Sp, H og Krf punkt 1- t.o.m. punkt 5 vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg:

Punkt 1 i fellesframlegget fekk 8 røyster og vart vedteke mot 1 røyst.

Punkt 2 i fellesframlegget fekk 8 røyster og vart vedteke mot 1 røyst.

Punkt 3 i fellesframlegget vart samrøystes vedteke med 9 røyster.

Punkt 4 i fellesframlegget fekk 8 røyster og vart vedteke mot 1 røyst.

Punkt 5 fellesframlegget fekk 8 røyster og vart vedteke mot 1 røyst.

Fellesframlegget frå Sp, H og Krf punkt 6. vart sett opp mot Kari Mostad, MDG sitt framlegg punkt 3. Fellesframlegget frå Sp, H og Krf fekk 8 røyster og vart vedteke mot 1 røyst.

Kari Mostad, MDG sitt framlegg punkt 1. fekk 4 røyster og fall mot 5 røyster.

Kari Mostad, MDG sitt framlegg punkt 2. fekk 4 røyster og fall mot 5 røyster.

### **FSK- 019/19 Vedtak:**

Som rådmannen sitt framlegg med unntak av fylgjande punkt:

1. Damvegen m/parkering skal fortsatt ligge inne med ei forlenging som ved 1.høyring.
2. B91(Evjo) vert endra frå bustad til sentrumsformål.
3. LNF28 og 27(Busdalen) vert endra frå LNF til Offentleg formål til idrettsområde.
4. SN5/SB1(Oma) skal fortsatt vises som areal for spreidd næring og småbåthamn.
5. GRS73(Laupsa) vert redusert slik at det gir rom for ei bustadrekke mot eksisterande bustadområde inkl. veg.
6. Føresegn 2.1.8 vert oppdatert med følgjande tekst: område N7 er sett av til industriområde for skipsverft, jf. reguleringsplan for Hansvågen.

## **Saksopplysningar:**

Det har kome motsegn frå Fylkesmannen i Vestland, Hordaland fylkeskommune, Fiskeridirektoratet, NVE og Statens vegvesen.

## **Arbeidsprosessen**

Det har vore arbeidd godt med kommuneplanen etter høyring. Alle innspel er organisert, kategorisert og kommentert.

### Møte med Hordaland fylkeskommune

Det er gjennomført ei synfaring med det politiske utvalet for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) til Hordaland fylkeskommune. KIRU hadde også møtet sitt på rådhuset der dei vedtok motsegn til kommuneplanens arealdel. Den 15. januar hadde den utvida gruppa som arbeider med kommuneplanen eit møte med fylkeskommunen. Frå fylkeskommunen stilte to politikarar i tillegg til representantar frå administrasjonen. I møtet gjekk me igjennom kva for punkt rådmannen vil tilrå å imøtekomme. I møtet vart det informert om at ABO plan og arkitektur AS skulle gjennomføre ein ny konsekvensutgreiing og ROS-analyse av tema akvakultur. Fylkeskonservator var med på møtet og uttrykte at dei ikkje kjem til å tilrå å frigjera automatisk freda kulturminne. Det skal vere tunge samfunnsmessige argument for å frigjera kulturminna og trenden no er ein strengare forvaltning av kulturminne. I møtet vart det tydeleg kommunisert at kulturminna ved Øysteseheimen og Straumhaugen ikkje bør setjast av til byggeområde, men at evt. bygging måtte skje rundt kulturminna.

### Møte med fylkesmannen i Vestland

Etter høyring har det vore gjennomført eit dialogmøte med fylkesmannen, Statens vegvesen, Fiskeridirektoratet og NVE. Fylkesmannen hadde på førehand ikkje kome med sine motsegnspunkt, men uttrykte i møtet kva motsegn dei hadde. Fylkesmannen hadde m.a. ei liste over konkrete areal som vart gjennomgått. Nokre areal godtok fylkesmannen i møte og nokre areal vart det motsegn til. Det var ikkje tid til å gå gjennom alle temaene i møte. Det vart avtala at administrasjonen og fylkesmannen skulle gjennomføre eit eige møte der føresegnene var tema. Dette møtet hadde me den 10.01.2019. i etterkant av møtet har kommunen sendt over grunnlag for fleire føresegner og eit oppdatert versjon av føresegner. Etter purring på fylkesmannen kom det eit førebels svar 18.02.2019. De formelle motsegnene til Fylkesmannen kom 21.02.2019. Fylkesmannen hadde motsegn til 17 punkt i føresegnene. Administrasjonen hadde ønskt ein tydelegare indikasjon på desse motsegnene i dialogmøte.

### Møte med Fiskeridirektoratet

Det er gjennomført eit møte med Fiskeridirektoratet, Fiskarlaget vest, Lingalaks AS og kommunen. Dette var eit møte Lingalaks hadde avtala og kommunen bad om å få vere med. I møtet vart det diskutert konflikt mellom fiskeområde og nytt område for akvakultur ved Kvamsøy. Konklusjon etter møtet var at Lingalaks AS skulle sjå om dei kunne flytte litt på akvakulturområde for å redusera konflikt med fiskeområda. Kommunen har mottatt ei justert plassering av akvakulturområde ved Kvamsøy og det er gjennomført KU og ROS-analyse på ny plassering.

I tillegg til dette har Rådmannen arbeidd intensivt med å justera på dei andre punkta i plankart og føresegnene som er peika på som utfordrande i samband med høyringa.

## **Viktige tema**

## Akvakultur

Rådmannen vurderte ut i frå tidsperspektivet og kompetanse at me ikkje kunne gjere denne jobben sjølv. Me valde å nytte oss av rammeavtalen til Kvam herad og har fått ABO plan og arkitektur AS til å gjennomføre ein ny konsekvensutgreiing og ROS-analyse på tema akvakultur. Både fylkesmannen og fylkeskommunen uttrykte i møte med kommunen at dei var fornøgd med at ABO skulle gjennomføre vurdering av tema akvakultur. Vedlagt til saka ligg ABO sin konsekvensutgreiing og ROS analyse for akvakultur og ei ny vurdering av alle akvakulturområda som er tilrådd i kommuneplanens arealdel.

Arealet til Kvamsøylokaliteten er halvert og plassering er justert slik at det vert mindre konflikt med område for brislingfiske. Område for fortøyning er lagt inn som ei omsynssone i plankartet med tilhøyrande føresegner. Nærmaste punkt for akvakulturanlegget ved Kvamsøy ligg no ca. 500 meter frå hamna som vert nytta av fastbuande og leirstad, anlegget vil ikkje vere til hinder for tilkomst med båt til Kvamsøy.

Gjennom ei utvida konsekvensutgreiing og ROS-analyse for akvakulturtema meiner rådmannen at tema akvakultur er godt nok utgreidd og bør gje eit grunnlag for Fylkesmannen i Vestland å kome med innspel til akvakultur. Det føreligg ikkje grunnlag gjennom KU og ROS-analyse for å ta ut eller endre eksisterande område med unntak av den justeringa for lokaliteten ved Kvamsøy som no er lagt inn i planframlegget.

## Utdrag frå ABO sin rapport

*Areal avsett til akvakultur utgjer samla ca. 2,4 km<sup>2</sup>, noko som utgjer ca. 1,7% av det totale sjøarealet i Kvam herad. Per februar 2019 er det 16 godkjente akvakulturlokalitetar, der 13 lokalitetar i sjø (matfisk/ algar/skjel) er innanfor kommune-grensene til Kvam. Dei 3 andre er knytt til settefiskanlegg på land. Dei fleste av dei 13 lokalitetane er i samsvar med kommuneplanen, slik at areal på sjøoverflata ligg innanfor areal avsett til akvakultur i gjeldande kommuneplan. Det er 6 eksisterande anlegg som er utvida via ein dispensasjon frå kommuneplanen: Djupevik, Saltkjelen I, Aplavika, Dysvik, Teigland og Sagvik.*

*I forslag til ny kommuneplan er det avsett akvakultur i 17 delområde, og desse er fordelt på 25 arealflater med arealstatus noverande (13 stk.) eller framtidig (12 stk). Dei fleste nye areala er ei utviding tilknytt areal avsett til akvakultur i gjeldande kommuneplan, samt knytt til at anlegg gitt med utgangspunkt i utvida dispensasjon vert i samsvar med kommuneplanen. Det er teke ut 8 akvakulturområde i frå gjeldande kommuneplan og regulert 2 heilt nye areal som ikkje er ei utviding. Desse to områda er Lingaholmane og Kvamsøy som er område der det er planlagt å flytte eksisterande anlegg frå Lingaholmane og Steinstø/Rossholmen til dei nye areala. Arealet der dagens lokalitetar ligg er ikkje lenger avsett til akvakultur, men til bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF). Areal for fortøyingslinje og ankerfeste er vist i plankartet for område med aktive lokalitetar/godkjent konsesjon, samt Kvamsøy og Lingaholmane. Planforslaget er ein spissa plan som legg til rette for akvakulturverksemd i område med eksisterande drift og aktivitet, i tillegg til at nokre areal er vidareført som eit potensiale og buffer.*

*Planframlegget gir moglegheiter for ein auke i produksjonsvolumet i fjorden sett i lys av at det er avsett meir areal til akvakultur enn i gjeldande kommuneplan. Kvam herad er del av produksjonsområdet PO3 der det ikkje er tillate med produksjonsvekst per i dag, jf. Produksjonsområdeforskrifta og tilhøyrande rapportar. Sjølv om ein ikkje ser for seg ei produksjonsauke i planområdet før området får grønt lys for vekst, vil det vera viktig å setje av areal til framtidig utvikling og utviding av oppdrettsproduksjonen. Ein ventar at*



*utfordringane på sikt vert løyst med bakgrunn i ulike tiltak. Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger peikar på følgjande viktige prinsipp i arealsamanhang: Gi arealmessig rom for auke i storleik på lokalitetar, gjerne under føresetnad av at mindre gode lokalitetar vert lagt ned. Grupper av eksisterande anlegg vert samla i større akvakulturområde. Avsett areal til akvakulturføremål bør inkludera fortøyingar. Setje av meir skjerma område til ny teknologi (lukka anlegg). Planframlegget svarar opp fleire av desse tilrådingane.*

*Dei fleste konkrete arealendringane har mindre verknadar, sjå tabell under. Sumverknad for enkelte fagtema for heile planframlegget er heller ikkje vurdert å ha vesentlege negative konsekvensar. Utgangspunktet for vurderingane er at endringane er relativt små sett i høve til 0-alternativet (dagens anlegg og gjeldande kommuneplan). Det er nokre enkeltareal som har større negative verknadar for enkelte fagtema, men kommunen vurderer at samfunnsnytta av tiltaka er høgare enn dei negative verknadene og areala er difor tilrådd.*

### Gjennomgang av eldre planar

Basert på Fylkesmannen sin tilråding har Rådmannen gått gjennom lista med reguleringsplanar og rår til at dei tre eldste planane som låg inne som uendra i høve til arealdelen får endra status slik at arealdelen går føre. To av planane omfattar utbygde bustadområde der kommuneplanen vidarefører bustadformålet. Evt. mindre utbyggingar som garasje og påbygg kan gjerast i samsvar med formålet i kommuneplanen og utan at krav om ny reguleringsplan slår inn. Den siste reguleringsplanen gjaldt deler av Norheimsvegen. Planen er frå 1973 og utbetring av denne vegen – vil uansett utløysa krav om ny reguleringsplan.

### Strandsone, byggegrense til sjø og tiltak i strandsona

Kommunen har justert byggegrensa til sjø i framlegget som blir lagt ut til avgrensa høyring, jf. temakart byggegrense sjø. Rådmannen har hatt ei grundig gjennomgang av byggegrense til sjø og meiner no at det er grunnlag for å trekke motsegn. Byggegrensa er endra med omsyn til eksisterande bustader og fritidsbustader langs sjø, kartlegging av funksjonell strandsone, gjeldande reguleringsplanar langs sjø og ortofoto.

Byggegrense til sjø er ikkje justert i sentrumsområda og næringsareal som ligg til sjø. I sentrum har me eit ønskje om å kunne fylle ut massar i tråd med gjeldande reguleringsplanar for å vinna nytt byggeareal sentralt og fortette i desse områda for å unngå større utbygging i utkantane. Dette er i tråd med arealstrategiane til kommunen, samfunnsdelen og det er ein strategi me har nytta tidlegare, som har gitt gode resultat for utviklinga til senterområda til Kvam. Der næringsformål strekk seg heilt ned til sjø og er avhengig av tilkomst til sjø tilrår rådmannen at byggegrensa kan følgje sjølina.

Kvam har ei lang kystline og har ein sterk tradisjon for å nytte sjøen som transportåre, fiske og utøving av friluftsliv på sjø. For å kunne fortsette å nytte sjøareal, ønskjer kommunen å legge til rette for at kommuneplanen opnar opp for at nokre tiltak som naturleg ligg til sjø skal kunne etablerast utan å måtte søke om dispensasjon. Eit eksempel på dette er brygger og flytebrygger av mindre omfang, som for eksempel pelebrygger eller utkraga brygger. Slike mindre tiltak gjeld for områder som er privatisert og bygd ned. Det er heimel i pbl. § 11-11 nr. 4 for å gje føresegnar om mindre anlegg som skal tene ferdsle til sjøs. Rådmannen meiner at mindre brygger og flytebrygger gjer sjøen meir tilgjengeleg for ferdsle til sjøs som er ei viktig del av utøving av friluftsliv for innbyggjarane i kommunen. Kommuneplanen sikrar i

tillegg mange gode grønstrukturar og badeområdar i alle bygdene som er tilgjengeleg for ålmenta. Rådmannen meiner at små private brygger/flytebrygger på private eigedomar til sjø og spreidd næringsareal til sjø ikkje er til hinder for ålmenta og utøving av friluftsliv og vil heller ikkje vere til hinder for landbruket. Rådmannen meiner og at små brygger ikkje vil skapa store landskapsinngrep i strandsona. Alle private eigedomar til sjø har i dag ei tilflotsrett til eigedomen med båt.

Strandretten er av Høgsterett i 1985 gitt den vide definisjon "en rett til uforstyrret å kunne nyte de fordeler som følger av at en eiendom ligger til sjøen. De fordeler som er beskyttet på denne måten er blant annet adgangen til sjøverts adkomst – den såkalte tilflotsrett- og mulighetene for bading og friluftsliv. Også strandeierens rett til visse former for fiske, retten til utfylling/utbygging ut i sjøen og et visst vern mot forurensing og ulemper av estetisk art, inngår som en del av strandretten" jf Rt 1985 1128.

### Jordvern

Fleire område er teke ut av planen og nokre område er justert slik at den mest verdifulle jorda vert teke omsyn til. Totalrekneskapet for avgang av matjord vert endra og vert justert i planomtalen før utsending til avgrensa høyring. Rådmannen meiner no at kommuneplanen i tilstrekkeleg grad tek omsyn til jordvernet. Skal kommunen ha ei utvikling, må noko areal endrast frå LNF til eit anna formål.

### LNF spreidd bustad og fritidsbustad

I område sett av til LNF spreidd bustad og fritidsbustad er det sett av ei avgrensing til påbygg på 50 m<sup>2</sup> BRA i planperioden (2019 – 2030). Rådmannen meiner at dette er ei tydeleg avgrensing på mogleg utviding. Det er og gitt i føresegna at det i LNF spreidd bustad ikkje skal opnast for fleire bueningar. Rådmannen har etter ei vurdering kome fram til at tabellen er den beste metoden for å ta omsyn til eksisterande bustad i LNF. Bygga ligg spreidd og det har vist seg utfordrande å samle desse i områder utan at desse blir så store at dei igjen mistar sin funksjon. Denne metoden er ei akseptert metode som fleire kommunar nyttar i sin kommuneplan. Rådmannen meiner at det no er grunnlag for å trekke motsegn til LNF spreidd bustad og fritidsbustad med omsyn til moglegheit for utviding og utvikling på desse eigedomane.

### Hytter og stølar til fjells

Kvam er ein stor kommune når det kjem til hytter. Dei aller fleste ligg på Kvamskogen. Talet på hytter som ligg over 500 moh og som er plassert andre stader enn på Kvamskogen er avgrensa, men likevel spreidd rundt om i Kvammafjella. Høgast konsentrasjon finn me i Hamlagrø, ved Krokavatnet og ved Bjølsegrøvatnet. Sjølv om talet på hytter i denne kategorien ikkje er så dominerande sett i høve til andre hytter i heradet, er det ynskjeleg at dei vert handtert på ein slik måte i planen at det er føreseieleg korleis desse vert forvalta i planperioden. I planframlegget ligg det inne at desse kan utvidast med inntil 20 m<sup>2</sup>. Dette representerer ei moderat utbygging, men gjev likevel rom for at den enkelte hytteeigar kan gjera tilpassingar som dei ynskjer for å få teneleg bygg. Rådmannen meiner at ei slik avgrensa utviding av eksisterande hytter ikkje vil strida mot nasjonale planomsyn når det gjeld kvalitetar i landskapet og vern av verdfulle landskap og at det derfor heller ikkje bør vera grunnlag for motsegn knytt til dette punktet.

Kvam herad vedtok nyleg ein ny kulturminneplan. Den slår fast at stølane er ein viktig del av kulturminna i kommunen. Av planen framgår det at enkelte stølsmiljø taper seg ved at bygg forfell eller at det vert gjort uheldige inngrep. Stølane sin verdi som kulturminne handlar om

arkitektoniske verdiar og stølane som historieforteljar. I tillegg har stølane og stiane framleis ei rolla i landbruksnæringa, og dei er gode arenaer for aktivitet som styrkjer folkehelsa. Tap av tradisjonelle stølshus (sel) er stort i Kvam. Det er eit kulturminnetap, og tap av viktige estetiske element. Framover må det sikrast at bygningar av dette slaget i større grad vert teke vare på. I fylgje kulturminneplanen skal vern gjennom bruk vera hovudstrategien, og i det ligg det at det i mange tilfelle bør vera opning for å gjera moderne tilpassingar og kombinera gamalt og nytt.

Rådmannen meiner at føresegnene til kommuneplanen sikrar nettopp dette. Den slår fast at det skal vera eit visst handlingsrom for å utvikla stølane, men gjev samstundes heimel til å avslå søknader om tiltak som ikkje tilfredsstillar estetisk tilpassing til eksisterande bygningsmiljø når det gjeld t.d. plassering, storleik, utforming og materialbruk.

Rådmannen meiner ut frå dette at føresegnene til kommuneplanen ivaretek dei planomsyna som er viktig å sikra for å oppnå at stølane vert halde i hevd og nytta fram i tid utan at stølsmiljøet vert forringa.

#### Bustadområde til næringsareal

Rådmannen har vald å endra bustadområde på Valland (tomt med gamle drivhus) tilbake til næringsareal. Det har kome innspel om at det er lite sannsynleg at det kjem bustadhus på denne tomte og at det er eit behov for tomte som eit næringsareal for eit lokalt transportfirma. Rådmannen har etter ei vurdering vald å endra formål tilbake til næringsformål. Dette er eit areal som ligg nær hovudvegen, avkøyrsla er godkjend og opparbeidd etter gjeldande reguleringsplan, VA-anlegget ligg inn til tomte og tomte er sikra mot veg med mur og gjerde. Det er viktig av omsyn til eksisterande nabohus at det ikkje vert tillate verksemd som gir støvplagar og støypplagar. Det er gitt spesifikke føresegner til næringsarealet.

#### **Innspel frå fylkesmannen**

##### Akvakultur

Fylkesmannen meinte i sin uttale til kommuneplanens arealdel at tema akvakultur måtte utgreiast nærare. I dialogmøte med kommunen fekk me ei tilråding om å sjå på metoden som Fusa kommune hadde nytta i sin kommuneplan for sjøareal.

##### Rådmannen sin vurdering

Viser til vurdering i kapittel for akvakultur.

##### Næringsområde N18

Fylkesmannen fremja motsegn til næringsområde N18.

##### Rådmannen sin vurdering

Område N18 er redusert slik at det no berre omfattar tiltaket som er etablert. Fylkesmannen har akseptert dispensasjonssaka som ligg delvis i område N18. Rådmannen meiner no at det er grunnlag for å trekke motsegn til N18.

##### Byggegrense til sjø

Fylkesmannen fremja motsegn til byggegrense til sjø slik den er fastsett i høyringsframlegget.

##### Rådmannen sin vurdering

Viser til vurdering i kapittel for strandsone, byggegrense til sjø og tiltak til sjø.

### **Vassdrag**

Fylkesmannen fremja ei generell motsegn til handtering av vassdrag i kommuneplanframlegget.

### **Rådmannen sin vurdering**

Føresegner er justert og byggegrensa til vassdrag er lagt inn i føresegnene. Dei største vassdraga er lagt inn med eige formål i plankartet. Verna vassdrag er lagt inn i plankartet med tilhøyrande føresegner. Planomtalen vert oppdatert med tema vassdrag før utlegging til avgrensa høyring.

### **Jordvern og landbruksressurser**

Fylkesmannen fremjar ei generell motsegn til omdisponering av dyrka mark. Kommunen må syna ei arealforvaltning som tek betre omsyn til nasjonal jorvernpolitikk.

### **Rådmannen sin vurdering**

Rådmannen tilrår å ta ut fleire areal som fylkesmannen har motsegn til og i tillegg å justera fleire bustadområde slik at mindre dyrkamark blir omdisponert. Nye tal for omdisponering av LNF vert justert i planomtalen.

### **Føresegner - trong for revisjon**

Det vart ikkje høve til å gå igjennom føresegnene i dialogmøtet. Heradet og fylkesmannen vart samde om å gå nærare i dialog om utforming og presisering av føresegner i vidare prosess. Fylkesmannen fremja i dialogmøte ei generell motsegn til føresegnene som var på høyring. Administrasjonen og fylkesmannen hadde eit administrativt møte i januar der me diskuterte føresegnene. Rådmannen tilrår å gjere nokre endringar, mens andre ikkje er tilrådd.

Fylkesmannen har fått ein oppdatert versjon av føresegna og har etter ein gjennomgang av desse kome med fleire motsegner og kommentarar til dei justerte føresegna:

1. Føresegn 1.1 – motsegn til tilhøvet til eldre planar og nytt regelverk
2. Føresegn 1.2 – motsegn til utforming av føresegner for plankrav
3. Føresegn 1.6 – motsegn til utforming av føresegner for byggegrenser
4. Føresegn 1.7 – motsegn til utforming av føresegner for brygger/kai
5. Føresegn 2.1.10 – motsegn til utforming av føresegner for andre typar bygningar og anlegg – naust.
6. Føresegn 2.4 – motsegn til utforming av føresegner for LNF-spreidd bustad og fritidsbustad og stølar

### **Rådmannen sin vurdering**

1. Føresegn 1.1: Kommunen har gjennomgått alle gjeldande planar og meiner at det er gjort ein grundig intern jobb. Dei planane som me meiner ikkje skal gjelda er teke ut. I tillegg til dei som er tatt ut tidlegare er no dei dei tre eldre planar tatt ut. Dersom det blir søkt om tiltak i ein gjeldande plan, er det dagens reglar som gjeld for tiltaket og rådmannen meiner at dette tek omsyn til dagens krav og regelverk. Det er ein lang og kostbar prosess å få på plass ein reguleringsplan og rådmannen meiner det skal mykje til for å setja ein plan til side gjennom kommuneplanen. Kommunen ønskjer ei tilbakemelding på konkrete planar som fylkesmannen meiner ikkje bør gjelde.

1. Føresegn 1.2: Rådmannen tilrår justering av føresegn 1.2 etter forslag frå fylkesmannen. Føresegn for plankrav er stramma inn og det er lagt inn justeringar i samsvar med tilråding frå fylkesmannen. Rådmannen meiner no at det er grunnlag for fjerning av motsegn til føresegn 1.2.
  
1. Føresegn 1.6: Rådmannen tilrår ikkje å legge opp til at framføring av kablar, leidningar og røyr for teknisk infrastruktur krev dispensasjon. Rådmannen meiner det er rett at dette kan unntas. Mykje av Kvam herad sin tekniske infrastruktur går til sjø og det vert ein tyngre prosess dersom alle anlegg til sjø må gå gjennom ei dispensasjon i samband med at det vert gjort endringar knytt til desse anlegga.
  
1. Føresegn 1.7: Rådmannen tilrår ikkje å endra føresegn for brygger og kai. Rådmannen tilrår å endre storleik på brygge/kai til 12 m<sup>2</sup> og byggegrense langs sjø er justert med omsyn til nye bygg i strandsona. SOM-2014-2809 gjeld tiltak på land der det ikkje er gitt ei byggegrense i gjeldande reguleringsplan, det var heller ikkje byggegrense i kommuneplan i saka det vert vist til. Rådmannen kan ikkje sjå at denne saka er aktuell for å tillate brygger i strandsona gjennom overordna plan. Kommunen må kunne fastsette kva for krav det skal vere til brygger og flytebrygger.
  
1. Føresegn 2.1.10: Rådmannen tilrår å endre høgde til 5 m for naust.
  
1. Føresegn 2.4:
  - Rådmannen tilrår å endre bustad nr. 2 til kårbustad.
  - Viser til vurdering under kap. LNF spreidd bustad og fritidsbustad
  - Rådmannen tilrår å ta med tema strandsoneverdiar, viktig naturmangfald og fareområde som føring for plassering av tilbygg.
  - Rådmannen viser til vurdering under kap. om hytter og stølar.
  - Rådmannen viser til vurdering under kap. om hytter og stølar.

### **Konkrete arealformål som vart gjennomgått i dialogmøte**

1. Damvegen – motsegn til forlenging av Damvegen.
2. SN17 – avgrensa arealet til sjø
3. AK27 – behov for meir utgreiing før vurdering av motsegn
4. OPT50 – kan vidareførast etter dialogmøte
5. BT2 – kan vidareførast etter dialogmøte
6. N65 – kan vidareførast etter dialogmøte
7. B49 – Motsegn på grunn av nærleik til sjø
8. B63 - kan vidareførast etter dialogmøte
9. N68 – Motsegn på grunn av konflikt med jordvern
10. N39 - kan vidareførast etter dialogmøte
11. B57 – Motsegn til delar på grunn av konflikt med jordvern
12. N43 – justering av areal kan vidareførast etter dialogmøte
13. B48 - justering av areal kan vidareførast etter dialogmøte
14. N25 - kan vidareførast etter dialogmøte
15. N18, N20 og N21 – justering av N18 kan vidareførast etter dialogmøte. N20 og N21 kan vidareførast etter dialogmøte
16. SBU4 – Motsegn på grunn av jordvern og strandsona
17. SN8 - kan vidareførast etter dialogmøte
18. B12 – justering av areal kan vidareførast etter dialogmøte

19. B13 – Motsegn på grunn av jordvern
20. B14 - Motsegn på grunn av strandsone og landbruksinteresser
21. P3 - kan vidareførast etter dialogmøte
22. N17/H2 - ny vurdering etter justering av byggegrense til sjø og vassdrag
23. OPT6 - kan vidareførast etter dialogmøte
24. F5 - Vidareføring frå gjeldande kommuneplan
25. SN7 – Motsegn på grunn av strandsone
26. OPT5 – Motsegn på grunn av jordvern og strandsone
27. TN1 – Motsegn - føresegner til formål og redusere byggegrense til sjø.
28. SN5/SBH1 - Motsegn på grunn av strandsonevern
29. SN3 – justert av areal kan vidareførast etter dialogmøte
30. N7 - vidareføring av næringsareal etter reguleringsplan, ikkje knytt motsegn til dette arealet.

### Rådmannen sin vurdering

1. Damvegen - Rådmannen tilrår å ta ut ei forlenging av Damvegen.
2. SN17 - formålet er justert med omsyn til strandsona
3. AK27 – avklaring gjennom avgrensa høyring
4. Ingen endring
5. Ingen endring
6. Ingen endring
7. B49 - Rådmannen tilrår å ta ut dette arealet
8. Ingen endring
9. N68 - Rådmannen tilrår å ta ut dette arealet
10. Ingen endring
11. B57 - Rådmannen tilrår å justere formål B57
12. N43 - Rådmannen tilrår å justere formål N43
13. B48 - Rådmannen tilrår å justere formål B48
14. Ingen endring
15. N18, N20 og N21 Rådmannen tilrår å justere N18. N21 er vidareført og N20 er tilrådd teke ut
16. SBU4 - Rådmannen tilrår å ta ut SBU4
17. Ingen endring
18. B12 - Rådmannen tilrår å justere formål B12
19. B13 - Rådmannen tilrår å ta ut dette arealet
20. B14 - Rådmannen tilrår å ta ut dette arealet
21. Ingen endring
22. N17/H2 - rådmannen har gjort ei vurdering for område N17 og H2. Byggegrense til sjø er justert og rådmannen tilrår ikkje å justere N17 og H2.
23. Ingen endring
24. Ingen endring
25. SN7 - Rådmannen tilrår å ta ut dette arealet
26. OPT5 - Rådmannen tilrår å ta ut dette arealet
27. TN1 - Rådmannen tilrår å avgrense TN1 og legge inn ny byggegrense til sjø.
28. SN5/SBH1 - Rådmannen tilrår å ta ut dette arealet
29. SN3 - Rådmannen tilrår å justere arealet
30. Ingen endring

### **Innspel frå fylkeskommunen**

Hordaland fylkeskommune har gjennom utval for kultur, idrett og regional utvikling kome

med motsegn til høyring av kommuneplanens arealdel.

Den utvida arbeidsgruppen hadde eit møte med fylkeskommunen om korleis me skal møte motsegna til planen. Rådmannen har jobba vidare etter møtet og har kome fram til eit forslag til justering.

### **Punkt 3 i KIRU sitt vedtak - sentrumsutstrekning**

#### **Justering kart**

Grense for sentrum er lagt inn som ein bestemmelses grense. Som ein indikasjon på kor sentrumsgrensa bør gå, har me gjennomført ei analyse på kor langt ein gjennomsnittsperson går på 10 minutt frå eit senterpunkt i Norheimsund og Øystese.

#### **Justering føresegner**

Det er lagt inn ei føresegn for bestemmelsesgrense, tekst er henta frå Regional plan for attraktive senter.

### **Punkt 4 i KIRU sitt vedtak – Motsegn til føresegn for næringsformål**

#### **Justering føresegner**

Føresegn § 2.1.8 er endra i tråd med regional plan for attraktive senter.

### **Punkt 5 KIRU vedtak – Motsegn til FO4 – Evjo i Øystese**

#### **Justering kart**

Område FO4 er endra til næringsformål.

#### **Justering føresegn**

Viser til justering i punkt 4.

### **Punkt 6 KIRU vedtak – Motsegn til næringsareal i Steinsdalen**

#### **Justering kart**

Område N42, N43 og N67 er endra til kombinert formål - samferdsleanlegg/næring

#### **Justering føresegner**

Nye føresegner til kombinert formål samferdsleanlegg/næring. Dersom det ikkje vert behov for areal til vegprosjekt for ny tunnel opp Tokagjelet, så går arealet over til næring med føresegner for næringsformål.

### **Punkt 9 KIRU vedtak – generell føresegn for kulturminne**

#### **Justering føresegner**

Det er lagt inn ei generell føresegn for kulturminne. Rådmannen tilrår å nytte tekst som fylkeskommunen foreslår i sin uttale.

### **Punkt 10 KIRU vedtak – automatisk freda kulturminne**

#### **Justering kart**

Alle automatisk freda kulturminne er lagt inn i plankartet med omsynssone H730 – bandlagt

etter lov om kulturminne. Områder for bevaring av kulturmiljø er lagt inn med omsynssone H570.

#### **Justering føresegner**

Omsynssone 730 og 570 har fått nye føresegner i tråd med fylkeskommunen sin anbefaling.

#### **Punkt 14 a KIRU vedtak – motsegn til akvakulturområde Kvamsøy**

##### **Justering kart**

Akvakulturområde for Kvamsøy er redusert i storleik og har fått ei endra plassering. ABO plan og arkitektur AS har på oppdrag frå Kvam herad og etter motsegn for fylkesmannen utarbeidd ei ny konsekvensutgreiing og ROS-analyse for tema akvakultur. Rådmannen ønskjer at fylkeskommunen gjer ei ny vurdering av dette arealet med ny kunnskap, redusert storleik og endra plassering.

#### **Punkt 14 b KIRU vedtak – motsegn til deler av offentleg areal ved Øysteseheimen**

##### **Justering kart**

Omsynssone for automatisk freda kulturminne er lagt inn i kart. OPT50 er justert slik at det no ligg grøntstruktur under omsynssona.

#### **Punkt 14 c KIRU vedtak – motsegn til deler av sentrumsområde i Norheimsund**

##### **Justering kart**

Omsynssone for automatisk freda kulturminne er lagt inn i kart. S8 er justert slik at det no ligg grøntstruktur under omsynssona.

#### **Punkt 14 d KIRU vedtak – motsegn til næringsområde på Ljones**

##### **Justering kart**

Næringsområde N20 er teke ut av planen og næringsområde N18 er justert til dagens tiltak.

#### **Punkt 14 e KIRU vedtak – motsegn til hyttetomt på Ljones**

##### **Justering kart**

F18 er endra til LNF og hyttetomt er lagt inn i tabell for LNF spreidd fritidsbustad.

#### **Punkt 14 f KIRU vedtak – motsegn – gul liste i kulturminneplan for Kvam herad**

##### **Justering kart**

Område for gul liste i kulturminneplanen for Kvam herad er lagt inn i planen som omsynssonar.

##### **Justering føresegner**

Føresegner er justert for omsynssoner som er nytta for gul liste.

#### **Punkt 14 g KIRU vedtak - sjå punkt 10.**

##### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen meiner med justeringar som vist over er dei fleste punkta til fylkeskommunen



teke omsyn til. Akvakulturområda må få ei ny vurdering i avgrensa høyring no som ny kunnskap føreligg. Rådmannen meiner det no er grunnlag for å trekke motsegnene til fylkeskommunen.

### **Innspel frå NVE**

NVE har motsegn til planen på grunn av at potensiell naturfare ikkje er tilstrekkeleg vurdert eller teke omsyn til. Heradet har heller ikkje lagt inn byggegrense mot vassdrag. NVE viser til at det er KU og ROS-vurderingar som ikkje tek opp fareområde godt nok. NVE saknar ei vurdering av klimaendringar, både på enkeltområde og totalt for heile planen. Planen manglar grep som sikrar mot flaum og erosjon. Fare for kvikkleire er ikkje omtala.

### Rådmannens vurdering

Det er lagt inn ei føresegn som ivaretek byggegrense til vassdrag. Faresone for skred og flaum er oppdatert både i plankart og i føresegnene. Dei største elvane er lagt inn som formål i plankartet. Planomtalen og ROS-analysen av nye områder er justert med oppdatert kunnskap og omsyn til klimaendringar. Det er laga ein eigen føresegn om naturfare og klimaendringar. Omsynssoner for verna vassdrag er justert i kart og føresegner.

Eksisterande og vedtekne større høgspenningsanlegg er endra til omsynssone H740. Rådmannen meiner no at det er grunnlag for at NVE kan trekke motsegna til kommuneplanen.

### **Innspel frå Fiskeridirektoratet**

Fiskeridirektoratet har motsegn til akvakulturområde utanfor Kvamsøy (AK27). Området kjem i konflikt med nøkkelområde for brislingfiske. Fiskeridirektoratet etterspør ein tidlegare dialog med omsyn til område for akvakultur i samband med utarbeiding av ny kommuneplan. Fiskeridirektoratet tilrår å ta ut område for akvakultur ved Steinstø på grunn av grunt område i sjø. Det manglar ei kaste og låssettingsplass ved Ljones og eit område som er nytta ved Kvamsøy.

### **Justering kart**

Rådmannen tilrår å legge inn låssettingsområde ved Ljones og Kvamsøy. Fiskeområde ved Kvamsøy får eit kombinert formål friluftsområde/låssettingsplass. Akvakulturområde ved Kvamsøy er justert, jf. kapittel over om akvakultur.

### **Justering føresegner**

Føresegner blir justert for reglar for kombinert formål friluftsområde på sjø og låssettingsplass.

### Rådmannen sin vurdering

Akvakulturområde for Kvamsøy er justert for å unngå for stor konflikt med område for brislingfiske. Akvakulturområda må få ein ny vurdering i avgrensa høyring når ny konsekvensutgreiing og ROS-analyse føreligg.

### **Innspel frå Statens vegvesen**

Statens vegvesen kom med motsegn til næringsområda N62, N67 og N43 på grunn av ein potensiell konflikt med moglege påhuggspunkt for ny tunell under Tokagjelet. Vegvesenet ønskte og at område IA5 og OPT38 skulle ut av planen på grunn av framtidig påhugg.

Viser til at det ikkje er sett av midlar til opprusting av Fv. 130.

Det er stillt krav om kryss til fylkesveg blir eit krav før tiltak for område SBU6, SBU16, SBU17 og SBU24. For område SBU1, SBU18 og SBU23 må det forventast eit krav om utbetring av kryss.

Statens vegvesen ønskjer at det vert vurdert å stille plankrav til spreidd næringsområde SN16 og SN17 på grunn av utfordrande tilkomst og behov for parkering.

### **Justering kart**

Område N62, N67 og N43 har fått kombinert formål.

### **Justering føresegner**

Ny føresegn for kombinert formål. Det er stillt krav til utforming av kryss ved tiltak i områda SBU 6, 16, 17 og 24.

### Rådmannen sin vurdering

Næringsområda N62, N67 og N43 har fått kombinert formål samferdsleanlegg og næring. Områda er låst til samferdsleanlegg til nytt påhugg er avklart i kommunedelplan for Tokagjelet. Rådmannen tilrår ikkje å legge inn eit plankrav for SN 16 og 17.

### **Innspele frå Kystverket**

Kystverket har ikkje motsegn til kommuneplanen, men dei har kome med nokre kommentarar. Kystverket sakna hovudlei og bilei i plankart. Dei ønskjer at ankringsområda Vallandsflaket og Ålvik hamn vert lagt inn i planen med omsynssone og føresegner. Dei ønskjer vidare at planen viser ankringsområda for akvakultur.

### **Justering kart**

Plankart er justert med linesymbol for hovudlei og bilei.

Ankringsområda for Vallandsflaket, Ålvik hamn og akvakultur er lagt inn i plankart med tilhøyrande føresegner.

### Rådmannens vurdering

Rådmannen har vald å ikkje legge inn hovudlei og bilei som omsynssone, men som ei eksisterande samferdsleline. Rådmannen meiner at dette i tilstrekkeleg grad tek omsyn til farlei. Ankringsområda er lagt inn i kartet og rådmannen meiner no at planen tek omsyn til Kystverket sin uttale.

### **Innspele frå BKK**

Planen må sei noko om vassdragsregulering og kraftverk dei har i kommunen. Korleis skal kommunen handsama slike anlegg i framtida.

### Rådmannen sin vurdering

Større anlegg for vassdragsregulering og kraftverk er underlagt anna lovverk enn plan- og bygningslova. Planomtalen vert justert slik at tema vassdragsregulering og kraftverk er omtalt.